



Foto: Annabell Pflüger. Open dag på Sandnes andelsgard

Målgruppe

Folkevalde både i kommunane og i fylkeskommunen, bønder og representantar for bondeorganisasjonar, tilsette i kommunal, regional og statleg landbruksforvaltning og elles alle med interesse for landbruk og landbrukspolitik.

Praktiske opplysningar

Tid og stad

2. mars 2015, kl. 09.00-16.00. Det blir servering av te/kaffi og rundstykke frå kl. 08.30. Konferansen blir arrangert på [Clarion Hotel Energy](#), Ishockeyveien 2, 4021 Stavanger.

Påmelding

Frist for påmelding er **16. februar** på www.fylkesmannen.no/rogaland i menyen kurs og konferansar, Landbruk og mat. Påmelding er bindande og konferanseavgift blir fakturert i etterkant på grunnlag av påmeldinga. Vi tek atterhald om endringar i programmet.

Pris

Kursavgifta er sett til kr 800,-.

Parkering

Parkeringshus P- Siddis ligger 200m frå hotellet.

Offentleg transport

Tog til Stavanger.
Busslinjer 3,6,7,9 og 29 frå Stavanger sentrum, Bussterminalen. Haldeplass til hotellet: Stavanger Turnhall. Haldeplass frå hotellet: DnB Arena

Kontaktpersonar

Sissel C. Endresen,
fmrosce@fylkesmannen.no
Annabell Pflüger,
fmroapf@fylkesmannen.no

Kva er presisjonsjordbruk?

Det er å gjere dei rette tinga til rett tid og på **rett stad**.

Historisk utvikling av jordbruket

Bioforsk


Konvensjonelt/
tradisjonelt jordbruk

Jorde/skifte
Samme behandling,
samme mengde



Presisjonsjordbruk

Delstykke
forskjellig behandling,
varierende mengde



Enkelplante-
behandling
«Phytotechnology»

Enkelplante
Individbasert behandling



Økende
•Opplysning
•Databehov
•Krav til data-
behandling

Landbrukskonferansen

2. mars 2016 i Stavanger

Landbruk – ”varig næring og nye moglegheiter”



Konferansen har som mål å gjere deg klokare på nokre av problemstillingane i landbruket. Som bonus får du treffe gilde folk!

Foto: Arne J. Lyschol



FYLKESMANNEN
I ROGALAND



ROGALAND
FYLKESKOMMUNE



SAMARBEIDSRÅDET
for landbruksorganisasjonene
i Rogaland

Landbrukskonferansen

onsdag 2. mars, Clarion Hotel Energy, Stavanger

Matproduksjon er ei varig, men samstundes sårbar næring. Landbruket er ei avgjerande del av bioøkonomien og det grønne skiftet. Sikring av matjorda er både eit lokalt og nasjonalt ansvar. Ein stadig større del av totalproduksjonen i Rogaland skjer i meir avgrensa delar av fylket. Dette utfordrar målet om auka matproduksjon. Vi ønskjer eit aktivt landbruk i heile Rogaland som utnyttar naturressursane på staden, ikkje minst gras og beiteressursane. Bruk av ny teknologi og innovasjon gir nye moglegheiter for lokal og nasjonal verdiskaping innan jord- og skogbruk.

Møteleiar: John Gunnar Skien

08.30	Registrering og servering av te/kaffi og rundstykke
09.00	Velkommen til konferanse med meining Magnhild Meltveit Kleppa, fylkesmannen i Rogaland
09.10	Bioøkonomien gir nye moglegheiter – også for Rogaland Nils Vagstad, forskningsdirektør NIBIO (Norsk institutt for bioøkonomi)
Jordvern og utbygging i Matfylket Rogaland - er vi på rett veg eller feil jorde? Stortinget har i nasjonal jordvernstrategi stramma inn det nasjonale jordvern målet, frå maks 6 000 dekar årleg nedbygging av dyrka jord til 4 000 dekar. Korleis gjennomfører me dette i Matfylket Rogaland framover?	
09.50	Statistikk og utviklingstrender, jordvern og produksjonspotensiale i Matfylket Rogaland Knut Harald Dobbe og Dagfinn Hatløy, Fylkesmannen i Rogaland
10.05	Jordvern og vegbygging Grethe Vikane, seksjonsleiar Statens vegvesen
10.35	Pause
10.50	Korleis kan kommunane i Rogaland bidra til det nasjonale jordvern målet? Kristine Enger, ordførar i Randaberg kommune og Jon Ola Syrstad, rådmann i Strand kommune
11.30	Regionalplan Jæren - ein god jordvernplan eller ei kvilepute for nedbygging av dyrka jord? Solveig Ege Tengesdal, fylkesordførar i Rogaland
11.50	Store samferdselsprosjekt bygg ned matjord - er flytting av matjord og nydyrking tenleg som kompensasjonstiltak? Presentasjon av pilotprosjektet "Ny jord" ved utbygging av E18 i Akershus. Lisa Steinnes Rø, planleggingsleiar Statens vegvesen
12.30	Lunsj
13.30	Utdeling av Rogaland landbruksselskap sin heiderspris ved landbruksdirektøren
Nye moglegheiter i landbruket – Det grønne skiftet	
13.40	Andelslandbruk - to døme i ein presentasjon Torill Østraat og Bodil Raustein, produsentar
14.10	Alt kan lagast av skogen! Kristin Weel Sundby, forskar, Borregaard
14.40	Pause
14.55	Ny teknologi i landbruket – gevinst for både bonde og industri Audun Korsæth, forskar i NIBIO
15.25	Foods of Norway - Forskingsdriven innovasjon er avgjerande for auka matproduksjon Margareth Øverland, leiar for Foods of Norway – konsortiet
15.55	Slutt—vel heim



John Gunnar Skien
Har lang erfaring som reporter og programleiar NRK Hordaland og NRK Rogaland. Han jobba også eit par år i Næringsforeningen i Stavanger-regionen før han tok til som kommunikasjonssjef hos Fylkesmannen hausten i 2014.



Nils Vagstad
Forskningsdirektør i NIBIO. Brei landbruks- og miljøfagleg bakgrunn, mellom anna i spørsmål knytt til matproduksjon, matsikkerheit og berekraftig utvikling.

Kristine Enger

Ordførar i Randaberg frå 2015. Kommunestyrerepresentant for Arbeiderpartiet sidan 2007. Har nå permisjon frå stillinga som fagdirektør hos Fylkesmannen.



Margareth Øverland
Dagleg leiar i Foods of Norway, eit nyleg etablert senter for forskningsbasert Innovasjon for Norges miljø- og biovitenskapelige universitet.



Jon Ola Syrstad
Rådmann i Strand kommune frå 2009. Landbruksdirektør i Rogaland frå 1993 til 2009.



Bodil Raustein
Gardbrukar frå Randaberg. Driv økologisk gard med sau og grønsaker. Sel kjøtt rett frå garden. Begynte i 2015 med andelslandbruk.

Kristin Weel Sundby

Forskar ved Borregaard frå 2008. Forskar på lignosulfonater, bl.a. som bindemiddel i dyrefôr.



Grethe Vikane
Seksjonsleiar Statens vegvesen Region vest. Sivilingeniør innan trafikk – og vegplanlegging. Planlegging for framtida med fokus på klima, miljø, gåande og syklande.



Torill Østraat
Gardbrukar på Vatneli i Sandnes kommune. Driv med ammekyr, sel kjøtt rett frå garden og har begynt med andelslandbruk i 2015.



Dagfinn Hatløy (t.v.) og **Knut Harald Dobbe** (t.h.) Seniorrådgivar arealforvaltning, Fylkesmannen i Rogaland, landbruksavdelinga.



Solveig Ege Tengesdal
Fylkesordførar frå 2015, representerer Kristelig Folkeparti. Ordførar i Eigersund kommune frå 2007-11.



Lisa Steinnes Rø
Planleggingsleiar i Statens vegvesen Region øst. Har jobba i vegvesenet sidan 2007. Utdanna landskapsarkitekt frå NMBU.



Audun Korsæth
Seksjonsleiar i NIBIO, Matdivisjonen. Systemanalyse og landbruksteknologi. Forskar på presisjonsjordbruk.